

Programplan

Ny kommune i Midt-Telemark



Innhold

1	Innleiing	4
2	Mål for programmet.....	5
3	Metodikk	6
3.1	Programstyring	6
3.2	Prosjektstyring.....	6
3.3	Porteføljestyling.....	6
3.4	Bruk av programstøtte verktøy – digitalisering.....	6
4	Fasar i programmet	7
4.1	Konseptfasen	7
4.2	Planfasen	7
4.3	Gjennomføringsfasen	7
4.4	Avslutningsfasen.....	7
4.5	Realiseringsfasen	8
5	Programstyring og milepålar	9
5.1	Viktige milepålar i programmet.....	9
5.2	Milepålar i 2016.....	9
5.3	Milepålar i 2017.....	9
5.4	Milepålar i 2018.....	9
5.5	Milepålar i 2019.....	9
5.6	Beslutningspunkt (BP)	9
6	Eigarskap og organisering.....	10
6.1	Prosjektmandat	10
6.1.1	Utvikling og HR	11
6.1.2	Økonomi	11
6.1.3	Helse og arbeid.....	12
6.1.4	Pleie og omsorg	12
6.1.5	Oppvekst.....	12
6.1.6	Teknisk.....	12
6.1.7	Digitalisering.....	13
7	Informasjon, medbestemmelse og medinflytelse.....	14
7.1	Omstillingsavtale	14
7.2	Informasjonstiltak.....	14
8	Risikoanalyse og oppfølging	15

- 8.1 Risikofaktorar **Feil! Bokmerke er ikke definert.**
- 8.2 Kvalitetsikring/handlingsplan **Feil! Bokmerke er ikke definert.**

1 Innleiing

Den 26. august 2014 sendte statsråd Jan Tore Sanner et brev til alle ordførarane i Noreg. I dette brevet vart alle kommunane invitert til å ta del i ein prosess med sikte på å vurdere og å avklare om det er aktuelt å slå seg saman med nabokommunar.

Kommunane Bø og Sauherad undersøkte og forhandle i fleir retningar. Til slutt vart det avklart å gå vidare med ein ambisjon om samanslåing mellom desse to kommunane.

Med bakgrunn i ei intensjonsavtale om ein ny kommune fatta kommunane Bø og Sauherad vedtak om å slå seg saman til ein ny kommune 16. juni 2016. Før vedtaket vart fatta hadde begge kommunar høyrte sine innbyggjarar om saka.

Det lokale vedtaket vart fylgd opp av Regjeringa. I statsråd 5. april 2017 la Regjeringa fram ein proposisjon for Stortinget med fylgjande tilråding: «Bø kommune og Sauherad kommune slås saman senast 1. januar 2020.».

Kommunal- og forvaltingskomiteen fremma sama tilråding til Stortinget 1. juni 2017. Samanslåinga vart vedteke av Stortinget 8. juni 2017.

Kommunane har valt ei fellesnemnd bestående av 5 kommunestyrerepresentantar frå kvar kommune. Fellesnemnda skal samordne og ta seg av førebuingane til samanslåinga. Kommunestyra har delegert naudsynt mynde til fellesnemnda slik at nemnda kan utføre sitt arbeid. I tillegg til fellesnemnd er det etablert eit felles partsamansett utval etter kommunelova §25 for handsaming av saker som gjeld forholdet mellom den nye eininga som arbeidsgjevar og dei tilsette.

Sjølve samanslåinga er organisert som eit program med fleir prosjekter som skal førebu og gjennomføre samanslåinga slik fellesnemnda og det nye kommunestyret vedtek.

I det mandatet kommunestyrene har gitt fellesnemnda står blant annet:

Fellesnemnda har ansvar for å:

- Opprette en overordnet prosjektbeskrivelse med milepeler og en plan for gevinstrealisering og sikring av disse

Overordna prosjektbeskrivelse med milepalar blir utarbeida som en programplan. Plan for gevinstrealisering blir utarbeida som en eigen plan.

Denne programplanen skildrar korleis dei to kommunane skal jobbe for å slå seg saman til ein ny kommune 1. januar 2020. planen tek også for seg aktivitetar som gjennomførast etter 1.1.2020.

2 Mål for programmet

Programmet skal sikre en god gjennomføring av kommunesamanslåinga mellom kommunane Bø og Sauherad.

Intensjonsavtala skildrar kva som skal oppnåast etter samanslåinga og nyttast som visjon for den nye kommunen. Dette dokumentet vil bli nytta som referanse for å sette konkrete mål for det einskilde prosjekt i programmet. I tillegg til å vere eit visjonært dokument set også denne avtale fleir konkrete må innanfor desse områda:

- Kommunale tenester
- Kommunen som demokratisk arena
- Kommunen som offentleg forvaltningsorgan som utøver myndigheit
- Kommunen som samfunnsutviklar
- Kommunen som arbeidsgjevar
- Økonomi
- Informasjon til innbyggjarane og tilsette

For å oppnå dei målsettingane som det leggst opp til i intensjonsavtala, vil programmet satse på ein sterk medverking frå dei tilsette, deira representantar og vernetenesta. I dei prosessane som leder fram til avgjersle er det viktig å skape ein kultur der alle for kome med sine synspunkt.

Programmet vil etablere ein kultur basera på tillit og godt samarbeid mellom politisk nivå og administrasjonen, mellom kommunen og innbyggjarane, mellom leiarar og medarbeidarar og kollegar imellom.

Programmet ser kommunikasjon som en særskild viktig aktivitet for å kunne skape medverknad frå dei tilsette. Programmet ha dialog med innbyggjarar, og andre aktørar som lag og organisasjonar. God kommunikasjon er viktig målsetting for programmet.


I starten av intensjonsavtala er det lista opp nokre eigenskapar ved den nye kommunen som er overgripande og som ofte kjem igjen innanfor dei einskilde delane i avtala. Desse er:

- Sterkare fagmiljø med større kapasitet og breiare kompetanse
- Mindre sårbare tenester og meir attraktive arbeidsplassar
- Betre tilpassa tenester til ulike brukarar og brukargrupper
- Meir solid økonomi for å takle økonomiske svingingar
- Større evne til å overta oppgåver og beslutningsmyndigheit frå stat og fylke
- Betre høve til å lokalisere statlege arbeidsplassar
- Styrka posisjon som regionsenter
- Betre utviklingstenester innan næringsutvikling, plan og strategi og delar av kulturfeltet

Det einskilde prosjekt tek for seg intensjonsavtala og måla for programmet og definerer egne målsettingar. Programmet syter for synkronisering og sikring av at heilskapen i ein ny kommune vert oppnådd.

3 Metodikk

Programmet baserer seg på prosjektvegisaren til Direktoratet for IKT og forvaltning (difi) med nadsynte tilpassingar til programmets behov.



3.1 Programstyring

Eit program er en samling av prosjekt og aktivitetar med eit felles overordna mål som saman vil føre til forandringar i ein verksemd eller ein sektor og som gir vinst for verksemda. Eit program har ofte varigheit på fleire år, og programmets prosjekt kan gjennomførast i sekvens eller med heil eller delvis parallellitet.

Merk: Et program er ikkje det same som eit stort prosjekt.

3.2 Prosjektstyring

Eit prosjekt er ein midlertidig organisasjon etablert med den hensikt å levere eit eller fleir produkt. Bruk av prosjekt som arbeidsform gir ofte ein positiv effekt for linjeorganisasjonen i form av

- større vekt på oppgåva
- betre styring av oppgåva
- ein god arena for tverrfagleg samarbeid

Merk: Ikkje alle oppgåver eignar seg som prosjekt. Mindre og avgrensa oppgåver kan det være minst like hensiktsmessig å organisere og styre som linjeoppgåver. Programmet vil vurdere om den oppgåva som skal utførast har ein størrelse og kompleksitet som faktisk treng det regimet for forutsigbarheit, styring og kontroll som et prosjekt inneber. Avgrensa oppgåver innanfor eit prosjekt vært gjennomført som arbeidspakker der styring ligg på prosjektnivå.

3.3 Porteføljestyling

Ein prosjektportefølje er samlinga av alle prosjekt og programmer som er foreslegne, bestemt og pågåande i verksemda. Porteføljestyling er ein skildring av metodar som nyttas av leiinga i verksemda for utveljing og prioritering av verksemdas prosjekt og programmer.

Merk: Verksemdas kapasitet til å gjennomføre prosjekt og programmer må sjåast i samheng med verksemdas øvrige oppgåver som drift, forvaltning og andre linjeoppgåver.

3.4 Bruk av programstøtte verktøy – digitalisering

Programmet tek i bruk støtteverktøy for planlegging, oppfølging, rapportering og deling av informasjon.

4 Fasar i programmet

Programmet inneheld konseptfase, planfase, gjennomføringsfase, avslutningsfase og realiseringsfase. Programmet sine prosjekt inneheld planfase, gjennomføringsfase og avslutningsfase

4.1 Konseptfasen

Oppstart: Ved framlegging av kommuneproposisjonen 2014.

Innhald:

- Forhandlingar og intensjonsavtale
- Innbyggjarinvolvering
- Lokalt vedtak om samanslåing

Avslutning: Ved lokalt samanslåingsvedtak 16. juni 2016.

Leveranse: Lokale vedtak med intensjonsavtale.

4.2 Planfasen

Oppstart: Ved lokalt samanslåingsvedtak 16. juni 2016

Innhald:

- Administrativ struktur på kommunalsjefnivå fastsettast
- Politisk struktur for ny kommune fastsettast
- Programorganisasjonen etablerast med identifisering av enkeltprosjekt
- Felles kommunestyremøte etter inndelingslova
- Etablere ein plan for realisering av vinstar

Avslutning: Ved kongeleg resolusjon hausten 2017.

Leveranse: Ferdig planlagt program med tilhøyrande prosjekt.

4.3 Gjennomføringsfasen

Oppstart: Tidlegast ved kongeleg resolusjon hausten 2017.

Innhald:

- Etablering av bemanningsplan for den nye kommunen
- Fastsetting av tenestestader
- Delegasjonsreglement
- Gjennomføre arbeidspakker i samsvar med prosjektplanar
- Førebuing til val

Avslutning: April 2019

Leveranse: Struktur for ny kommune.

4.4 Avslutningsfasen

Oppstart: April 2019

Innhald:

- Val til nytt kommunestyre
- Slutføre enkelte arbeidspakker
- Konstituering av nytt kommunestyre
- Nedlegging av felles nemnd
- Avvikle prosjekter
- Avvikle kommunestyret i Bø kommune og Sauherad kommune 31.12.2019

Avslutning: 31.12.2019

4.5 Realiseringsfasen

Oppstart: 1.1.2020

Innhald:

- Gjennomføre vinstrealisering
- Gjennomføring av gjenstående arbeidspakker

5 Programstyring og milepålar

5.1 Viktige milepålar i programmet

5.2 Milepålar i 2016

- ❖ Lokale vedtak om samanslåing – oppstart av planfasen, 16. juni - **(BP 2)**

5.3 Milepålar i 2017

- ❖ Proposisjon om nasjonalt vedtak leggest fram for Stortinget, 5. april
- ❖ Omstillingsavtala er underskriven, August
- ❖ Nasjonalt vedtak om samanslåing, 8. juni
- ❖ Ny leiargruppe er på plass, 20. juni
- ❖ Felles kommunestyremøte v/Fylkesmannen i Telemark, 21. august
- ❖ Ferdig programplan
- ❖ Alle prosjekt ferdig planlagt med initiel plan
- ❖ Kongeleg resolusjon – **(BP 3)**

5.4 Milepålar i 2018

- ❖ Skyggebudsjett for ny kommune

5.5 Milepålar i 2019

- ❖ Struktur for ny kommune, april 2019 – **(BP 4)**
- ❖ Val til nytt kommunestyre
- ❖ Konstituering av nytt kommunestyre
- ❖ Nedlegging av felles nemnd
- ❖ Vedtak om budsjett og økonomiplan for ny kommune
- ❖ Ny kommune, 31.12.2019 – **(BP 5)**

5.6 Beslutningspunkt (BP)


Enkelte milepålar er beslutningspunkt for overgang frå en fase til en annan.

- Beslutningspunkt 1 (BP 1) – definerer oppstart av konseptfasen
- Beslutningspunkt 2 (BP 2) – definerer oppstart av planfasen
- Beslutningspunkt 3 (BP 3) – definerer oppstart av gjennomføringsfasen
- Beslutningspunkt 4 (BP 4) – definerer oppstart av avslutningsfasen
- Beslutningspunkt 5 (BP 5) – definerer oppstart av realiseringsfasen

Det enkelte prosjekt definerer sine milepålar og faser i relasjon til disse beslutningspunktene som er programmet sine overordna beslutningspunkt.

6 Eigarskap og organisering

Følgande skisse ligger til grunn for organisering av programmet:



Programansvarleg rapporterer til felles nemnd fram til oktober 2019. Deretter til kommunestyret i ny kommune. Programansvarleg er rådmann i Bø og Sauherad kommunar og rådmann i den nye kommunen.

Fellesnemnd er programeigar tek seg av førebuingar til ny kommune.

Politiske arbeidsgrupper/utval som planleggast etablera under fellesnemnda:

- Namn og symbol
- Politiske utval
- Delegasjonsreglement
- Førebuing til kommunevalet 2019
- Målform
- Interkommunalt samarbeid

Partsamansett utval tek seg av sakar som gjeld tilhøve mellom kommunane som arbeidsgjevar og dei tilsett slik det går fram av kommunelova § 25.

Programleiar tek seg av dagleg styring av programmet og synkronisering mellom prosjekta og mellom programmet og politisk nivå.

Kvart prosjekt har ein prosjektleiar som tek seg av dagleg styring av prosjektet.

Prosjektleiar organiserer arbeidspakkar i samråd med programleiar.

6.1 Prosjektmandat

Her er skissert kva prosjekta kan innehalde. Nye arbeidspakker vil komme til, noen kan bli tatt ut og noen utsatt til etter 1.1.2020

6.1.1 Utvikling og HR

Prosjekt for utvikling og HR blir leia av kommunalsjef for utvikling og personal i ny kommune Mona Slaaen.

Prosjektet fastsett sine egne arbeidspakker i samarbeid med programleiar.

Følgande arbeidspakker er identifisert initielt som døme:

- Oppsetningsplan for ny kommune
- Arbeidsgjevarepolitikk for ny kommune i samarbeid med politisk nedsett arbeidsgruppe.
- Personellreglement for ny kommune / Personalpolitiske retningslinjer
- Harmonisering av arbeidsvilkår i ny kommune
- Arkiv/dokument
- Informasjon/servicekontor
- Kultur
- Bibliotek
- Frivilligheit
- Handsaming av virksomhetsoverdragelsen
- Areal og kontorplan for ny kommune
- Overordna planverk for ny kommune
- Framtidsretta løysningar og arbeidsmetodar

6.1.2 Økonomi

Prosjekt for økonomi blir leia av kommunalsjef for økonomi og digitalisering i ny kommune Hanne Winberg.

Prosjektet fastsett sine egne arbeidspakker i samarbeid med programleiar.

Følgande arbeidspakker er identifisert initielt som døme:

- Skyggebudsjett med økonomiplan for ny kommune 2019
- Budsjett og økonomiplan for ny kommune 2020
- Innkjøp og avtaleadministrasjon for ny kommune
- Internkontroll – oppbygging og rutinar
- Infordring – harmonisering av avgifter, gebyrer og eigenbetalingar
- Innkjøp
- Handlingsplanprosess
- Løn og rekneskap
- Økonomisk politikk
- Skatteoppkrevjar og arbeidsgjevarkontroll
- Eigedomsskatt
- Oppsetningsplan for eige område
- Framtidsretta løysningar og arbeidsmetodar
-

6.1.3 Helse og arbeid

Prosjekt for helse og arbeid blir leia av kommunalsjef for helse og arbeid i ny kommune Cecilie Stangeby.

Prosjektet fastsetter sine egne arbeidspakker i samarbeid med programleiar.

Følgande arbeidspakker er identifisert initielt som døme:

- Tidleg innsats
- Oppsettingsplan for eige område
- Framtidsretta løysningar og arbeidsmetodar
- Integrasjon/vaksenopplæring

6.1.4 Pleie og omsorg

Prosjekt for pleie og omsorg blir leia av kommunalsjef for helse og arbeid i ny kommune Terje Kili.

Prosjektet fastsetter sine egne arbeidspakker i samarbeid med programleiar.

Følgande arbeidspakker er identifisert initielt som døme:

- Oppsettingsplan for eige område
- Framtidsretta løysningar og arbeidsmetodar
-

6.1.5 Oppvekst

Prosjekt for oppvekst blir leia av prosjektleiar for oppvekst i ny kommune Beate Darrud.

Prosjektet fastsetter sine egne arbeidspakker i samarbeid med programleiar.

Følgande arbeidspakker er identifisert initielt som døme:

- Oppsettingsplan for eige område
- Utreiing av barnehagefinansiering
- Planverk og rutinar for skule og barnehage
- IKT i skule og barnehage
- Skulegrensar
- Ressursfordeling mellom skulane
- Kommuneplan for oppvekst
- Framtidsretta løysningar og arbeidsmetodar
- Vaksenopplæring/integrasjon
- Barnebase

6.1.6 Teknisk

Prosjekt for tekniske tenester blir leia av kommunalsjef for teknisk i ny kommune Vidar Lofthus.

Prosjektet fastsetter sine egne arbeidspakker i samarbeid med programleiar.

Følgande arbeidspakker er identifisert initielt som dømme:

- Matrikkel
- Oppsetningsplan for eige område
- Framtidsretta løysningar og arbeidsmetodar
- Beredskap
- Plan, byggesak, oppmåling, miljø inkl. arkiv
- IKT, økonomi
- Byggedrift
- Veg, VAR
- Næring
- Eigedomsskatt
- Reinhold
- Bygg og eigedom

6.1.7 Digitalisering

Prosjekt for digitalisering blir leia av kommunalsjef for økonomi og digitalisering i ny kommune Hanne Winberg.

Prosjektet fastsetter sine egne arbeidspakker i samarbeid med programleiar.

Følgande arbeidspakker er identifisert initielt som dømme:

- Kartlegging av IKT system i eksisterande kommune
- Oppdatering av fagsystem, omdanning frå to til en kommune
- Arkiv og dokumenthandsaming
- Informasjonstryggleik og personvern
- IKT infrastruktur, driftstenestar og modell for verksemda
- IKT på tenesteområde (4 prosjekt)
- Digitaliseringsstrategi for ny kommune
- Digitalisering som drivar for innovasjon og auka produktivitet
- Styrka digital kompetanse og deltaking
- Framtidsretta løysningar og arbeidsmetodar
-

7 Informasjon, medbestemmelse og medinflytelse

Godt samarbeid mellom arbeidsgjevar og dei tilsette er ein føresetnad for å nå mål som:

- Utvikling av gode tenester av høg kvalitet
- Skape trygge arbeidsplassar med meiningsfullt arbeid
- Et godt arbeidsmiljø

Ei felles forståing av sentrale begrep og føresegner i hovudavtala, intensjonane med hovudavtala er ein føresetnad for å få til slikt samarbeid.

På øverste nivå i programmet er det etablert eit partsamansett utval som sikrar at tilhøve mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette blir tatt i vare. I partsamansett utval sit hovudtillitsvalde og politikarar frå fellesnemnda.

For å sikre eit godt samarbeid mellom programmet og dei hovudtillitsvalde og hovudverneomboda er dei oppretta ei gruppe som har møte kvar uke med programleiar og/eller programansvarleg.

Prosjekta sikrar samarbeid mellom dei plasstillitsvalde, lokale verneombod og prosjektleiaren.

Tillitsvalde si rolle:

- Eit bindeledd mellom arbeidsgjevar og dei tilsette
- Tilsette si representant i utval og liknande
- Rådgjevar for arbeidsgjevar
- Skape og oppretthalde eit godt samarbeid
- Påverke avgjersler før arbeidsgjevar tek avgjersle
- Medverknadsrett og plikt i eigenskap av part

Leiaren si rolle:

- God kvalitet på kommunale tenester
- Mål og resultat
- Gode ordningar for dialog, drøftingar mv.
- Medarbeidarane si trivsel
- Styring
- Ta avgjersle knytt til bruk av ressursar
- Organisere arbeidet
- Medarbeidarane si utvikling
- Inkludering og mangfald

7.1 Omstillingsavtale

Det er utarbeidd ei omstillingsavtale for kommunesamanslåinga.

7.2 Informasjonstiltak

Det er utarbeidd ein eigen informasjonsstrategi.

8 Risikoanalyse og oppfølging

Risikoanalysa blir lagt til programmet etter den er behandla i Arbeidsmiljøutvalet i dei to kommunane.